


# NOTAT I SAMBAND MED SØKNAD OM ETABLERING AV SMÅDYR-KREMATORIUM I SKJÆSARØYE, INDUSTRIOMRÅDET I LOM

Felles plankontor for Lom og Skjåk, 13.12.2023.

Den omsøkte plasseringa ligg innanfor område regulert for industri og verkstadverksemdar, lengst aust i industriområdet.



Næraste naboar er ei industritomt for produksjon av betong (Betong Øst AS), to maskinentreprenørar (Flåklypa maskin AS og Gjeisar maskin AS – her er det foreløpig ikkje oppført bygningar), og eit utleigebygg (Ruler AS) som i dag blir nytta til bilpleieverksemd. Landbrukseigedomen mot aust (37/1) er eigd av Thor Anders og Ingebjørg Hagen, Skjæsar. Det er ingen kjente utslepp til grunn eller naturmiljø frå verksemdene, men det er ein del støv- og støypromblematikk knytt til betongstasjonen.

Søraustre hjørne av tomta grensar til Åsjo naturreservat.

## Influensområde for event. utslepp til luft frå krematoriet

Lokal vindretning følgjer i hovudsak dalretningane, dvs. vind frå vest-nordvest, aust-nordaust og frå sørvest. I det følgjande er det lagt til grunn eit spreingsområde på 15 grader til kvar side for hovudvindretninga, sjå vedlagt kartskisse.

Ved vind frå vest-nordvest: Innanfor ein avstand på 0,5 km frå lokaliteten ligg Åsjo naturreservat, men ingen bygningar. Innanfor avstand 0,5- 1 km ligg Rv 15, eit næringsbygg (elektroinstallasjon), eit gardstun og 7 bustadeigedomar.

Ved vind frå aust-nordaust: Innanfor ein avstand på 0,5 km frå lokaliteten ligg 8 nærings-eigedomar (1 bilpleiefirma, 1 maskinentreprenør, 1 vaskeri, 5 bygningsentreprenørar), Lom miljøstasjon og avløpsrensaneanlegg for Lom sentrum. Innanfor avstand 0,5- 1 km ligg elva Bøvre, idrettsanlegg, vassverk for Lom sentrum, kyrkjelydshus, fleirbrukshall/ kulturhus og vidaregåande skule, Lom prestegard, ein kombinert bustadeigedom/ campingplass og Rv 15.

Ved vind frå sørvest (ned Bøverdalen) vil influensområdet gå ut over Ottaelva, og det ligg ikkje bygningar innanfor fleire kilometer (ikkje innteikna på kartskissa).